



# Naturvernforbundet i Møre og Romsdal

Tingvoll, 8.1.2020

Sunddal kommune

## VINNUTRAPPA – BRUK AV NATURMANGFALDLOVA

Viser til dykkar ref. 19/02838.

Av avisoppslag har vi registrert at det er eit engasjement med utkantspunkt i spektakulær natur ved Vinnu.

Vi er samd i at naturen i dette området er spektakulær. Det er få stader i heile verda som kan ha noko liknande. Sidan det er så openbert at naturgrunnlaget og truleg også naturen i dette området er så spesiell, er det på høg tid at ein også set i gang kartlegging og vurdering av naturverdiar i området, i fall omsyn til naturen kan kome til å påverke prosjektet. Viss naturen er til hinder for tiltaket, er det greitt å få dette fram før ein har lagt for mykje arbeid i saka. Om tiltaket kan gjennomførast med tilpassingar, er det enklare å få til gode tilpassingar viss ein kjenner til problemstillingane tidleg i sakshandsaminga. Sunddal kan ikkje bli kjent for å bruke ein naturkvalitet til grunnlag for næring for så å ta livet av naturkvaliteten. Det er å sage av den greina ein sitt på.

Det følgjer av naturmangfaldlova at kunnskapsinnhenting skal stå i forhold til tiltaket. Viss det kan kome ein heil «Preikestol» med besøkande til Vinnu, er det rimeleg at det i alle fall er ein handfull biologar som får nokre feltdagar i det aktuelle området. Ein del av den aktuelle kartlegginga må gjerast under gode tilhøve på sommaren, og dei som kan gjere slikt fyller opp avtaleboka si utover no.

Det følgjer av rettleiaren til naturmangfaldlova, side 24:

*Mer utredning og innhenting av ny kunnskap i en tidlig fase av en sak vil kunne være aktuelt der:*

*n Tiltaket i stor grad berører naturmangfold*

*n Tiltaket er omfattende og berører naturmangfold*

*n Naturmangfoldet som berøres antas å være truet eller nær truet*


Naturvernforbundet i Møre og Romsdal  
v/Øystein Folden, Rasta 4, 6630 TINGVOLL

Telefon 918 12 542 – epost [moreogromsdal@naturvernforbundet.no](mailto:moreogromsdal@naturvernforbundet.no) – Org. Nr. 871367132 -  
internett [www.naturvernforbundet.no/mr](http://www.naturvernforbundet.no/mr)

- n Naturmangfoldet som berøres antas å være endemisk eller en ansvarsnaturtype eller ansvarsart for Norge*
- n Norge har internasjonale forpliktelser til det naturmangfoldet som antas å bli berørt*
- n Det er usikkerhet om effekten av påvirkninger på dette naturmangfoldet*
- n Tiltakshaver er profesjonell*
- n Det er store økonomiske interesser i utfallet av saken*

Det ser ut for oss at omtrent alle underpunktene her kan være gjeldende i denne saken.

Kartet nedanfor viser naturtypelokaliteter registrert i området, og artar som er viktige for forvaltninga.



Kartlegginga av naturtypar i Sunndal er ganske grov, og kartlegging av artsmangfald er tilfeldig. Hopane med artsfunn i både endar på utsnittet viser ikkje at det ikkje finst noko midt på, ved Vinnu, men at det er gjort undersøkingar i både endar. Det er også omtala artsfunn knytt til naturtypelokalitetar som ein ikkje ser igjen i Artskart.

Så langt vi veit vil det krevje dispensasjon frå kommuneplan viss det skal byggast noko trapp. Det er nødvendig med ei grundigare sakshandsaming når det kan bli tale om dispensasjon enn om tiltaket er ein del av ei ordinær rullering av planverket, sidan systemet i seg sjølv legg opp til mindre heilheitleg vurdering i eit dispensasjonstilfelle.

I rettleiaren til naturmangfaldlova kap 11 står det:

*Det er viktig at §§ 8-12 integreres i og blir en naturlig del av det eller de hovedspørsmål saken gjelder. Med andre ord: Ikke trekk noen konklusjoner uten at §§ 8-12 er vurdert og vektlagt. Unnlattelse av å vurdere og vektlegge §§ 8-12 kan medføre at et vedtak anses ugyldig dersom feilen har virket bestemmende på vedtakets innhold. Det samme kan bli resultatet dersom vedtaket for så vidt omtaler §§ 8-12, men det fremstår som åpenbart at vurderingene og vektleggingene ikke har blitt trukket inn i forberedelsene av saken og i den skjønsmessige vurderingen av saken.*

Naturvernforbundet ønskjer å følgje denne saka, og ber om å bli ført opp på kopilista.

Med vennleg helsing

Øystein Folden  
leiar